



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til mte

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Mtedato: Torsdag 20. juni 2024
Mtetid: Kl. 18.00 – 21.25
Mtestad: Mterommet p Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellestrådet:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågy, Edvin Magne Nyb, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Kopi til varamedlemmar:

Janne Wie, Gunnar Kolflth, Knut Oterhals, Odd Jrgen Nilsen og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar fr innkallinga til orientering, men treng berre å mte ved nrre innkalling.

Opning


SAKLISTE

- Sak 42/24 GODKJENNING AV:**
A. Innkalling
B. Sakliste
C. Referat fr mte 23.05.2024
- Sak 43/24 Personalsituasjonen – status. U. off. (FR-sak)**
- Sak 44/24 Arbeidsavtale for Kari Fanghol som fung. kyrkjevevje. U. off. (FR-sak)**
- Sak 45/24 Evaluering av frste halvr i det nye sokne- og fellestrådet (SFR-sak)**
- Sak 46/24 Rapportar fr komitleiarane (SR-sak)**
- Sak 47/24 Kjkkeninstruks for Kyrkjelydshuset (SR-sak)**
- Sak 48/24 Kjlerom og solskjerming p Kyrkjelydshuset (SR-sak)**
- Sak 49/24 Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komit (SR-sak)**
- Sak 50/24 Endeleg godkjenning av rekneskapen for 2023 (SFR-sak)**
- Sak 51/24 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)**
Sak 51/24-1 Referat fr mte i AU 06.06.2024
Sak 51/24-2 Biskopen si godkjenning av vindaugsreparasjon i kyrkja
- Sak 52/24 Eventuelt**

Aukra 13.06.2024

Erlend Melby (s)
Leiar

Max Ingar Mrk
Fung. kyrkjevevje



MØTEREFERAT

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 23. mai 2024
Møtetid: Kl. 19.00 – 21.25
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindarøy, Hans Kristian Furnes, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (9).

Forfall: Britt Karin Hagen Laastad og Therese Hildre Solem

Sekretær: Max Ingar Mørk

Før møtet var soknerådet invitert til Barnegospel sin vårkonsert i kyrkja kl. 18.00.

Sak 31/24 GODKJENNING AV:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Sakliste

Saklista blei godkjent utan merknadar.

C. Referat frå møte 07.03.2024

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Sak 32/24 Utlysing av stillingane som kontor og trusopplærer/kyrkjelydspedagog

Når det gjeld kantorstillinga gav soknepresten uttrykk for at han var usikker på kva som no var lurt. Han hadde tidlegare vore oppteken av å få lyst ut stillinga snarast råd, men innsåg at vikarordninga fungerte på ein måte som gjorde situasjonen mindre presserande, og at det kunne vere lurt å vente med ny utlysing til hausten. Etter ein drøftingsrunde konkluderte fellesrådet med at ein ville utsette denne diskusjonen til neste møte.

Når det gjeld trusopplærarstillinga kom fellesrådet fram til at ein ville prøve ei ny utlysing før sommaren.

Etter dette gjorde fellesrådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å lyse ut stillinga som kyrkjelydspedagog / trusopplærer før sommaren i samsvar med vedlagte forslag til utlysingstekst. AU får fullmakt til å handtere prosessen fram til eventuell innstilling, og sende denne til fellesrådet for godkjenning.

Sak 33/24 Ny tenesteytingsavtale mellom Aukra kommune og Aukra sokn

Fung. kyrkjeverje orienterte om at han hadde teke opp med kommunen at avtalen ikkje var drøfta med SFR undervegs. Kommunen hadde svart at fellesrådet kunne kome med eventuelle merknadar i etterkant.

Prissettinga av tenestene er dårleg dokumentert og derfor vanskeleg å etterprøve. For rekneskapsføring er det likevel ein «fasit» ettersom kommunen sjølv kjøper denne tenesta frå Hustadvika. Kostnaden med dette bør vere lett å dokumentere.

Visse sider ved rekneskapsføringa har vore drøfta med rekneskapsføraren, som meiner føringa både i kommunen og i fellesrådet sine rekneskap ikkje er i samsvar med forskriftene. Rekneskapsførar og fung. kyrkjeverje vil ta opp dette med kommunen med sikte på å få føringa rett frå og med rekneskapsåret 2024.

Etter dette gjorde SFR følgjande samrøystes

Vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd sluttar seg til kommunen sitt forslag til revidert tenesteytingsavtale.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, vil rådet ta opp avtalen til ny vurdering.

Sak 34/24 Høyring – Beredskapsplan for Møre bispedøme

Fellesrådet gav uttrykk for at planen er veldig bra, men hadde følgjande merknadar til teksten:

- Bør bør skiftast ut med skal på desse stadene:
 - I pkt. 2 under *Kommunale kriseteam*: «Både prost, kyrkjeverje, prestar og diakonar ~~bør~~ skal ha kontaktinformasjon til ...».
 - I pkt. 3, I, siste avsnitt: Ein gong for året ~~bør~~ skal staben gjennomføre ei øving ...»
 - I pkt. 3.II, bokstav e: «Kriseleiinga ~~bør~~ skal ha låg terskel for å kalle saman til nye møte.»
- I tabellen under pkt. 3, III – underpunkt *Prost* – står det at krisestaben i den lokale kyrkja «har dialog med kommunalt kriseteam». Dette er ullent, ettersom «kommunalt kriseteam» kan tolkast som kommunen sitt psykososiale kriseteam (jf. pkt. 2, siste avsnitt). I planen er det truleg meint «kriseleiinga i kommunen».

Med desse presiseringane gjorde Aukra fellesråd slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd støttar Møre bispedømmeråd sitt forslag til revisjon av beredskapsplan for alvorlege hendingar.

Sak 35/24 Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023

I samsvar med innstillinga gjorde Aukra SFR følgjande samrøystes

Vedtak:

Aukra sokne- og fellestråd godkjenner vedlagte *Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023*.

Den reviderte rekneskapen for 2023 godkjennast.

Sak 36/24 Rapportar frå dei nyvalde komitéleiarane

Dei ymse komitéleiarane kom med følgjande rapportar om arbeidet:

Person - utval	Rapport
Erlend – Trusopplærings-utvalet + KN-kontakt	Har ikkje eit fullt utval enno, men vil få til noko til hausten. Janne blir med.
Edvin Magne – Gudstenesteutvalet	Ikkje til stades, men Kristian hadde snakka med Edvin Magne. Han er i gang.
Kari – Diakoniutvalet	<u>Onsdagskafeen</u> : 2 nye kafévertar. Har laga songhefte og fått til innslag på dei fleste samlingane. Det er like stort frammøtet no som på tysdagskafeen: 20-30. <u>Minnestund</u> : Veldig positive erfaringar. Folk er svært takksame og nøgde med tilbodet. Det trengst fleire frivillige. <u>Privat utleige</u> : Kontoret må gi beskjed. Det manglar ein kjøkkenansvarleg som følgjer opp utleige til private. Janne og Kari vil lage ein instruks til neste møte som også inkluderer HMS (brann, sikkerheit).
Rune – Kyrkjemusikkutval	Ikkje til stades.
Anne Berit – Bygg, gravplass	Får med Janne og Kari i komiteen. Aktuelle saker: Sommarvikarar som kan klippe gras + male gjerde og vannpostar. Reparasjon av vindauga i kyrkja. Beskjering av tre. Planlegge minnelund.
Britt Karin – Interiør og liturgisk utstyr	Ikkje til stades. Sekretæren informerte om at det var bestilt skåp i sakristiet og våpenhuset + utemøblar til KLH frå Bygg og Data.
Janne – Frivillig- og rekrutteringsutval	Sjå Diakoniutvalet.
Marta Kristin – med fokus på Julsundet	Vil samle frivillige i samband med gudsteneste i Julsundet. Har vore i kontakt med ein som kan vere interessert i å bli med.
Kari, Anne Berit – Misjonsutvalet	Misjonsprosjektet går sin gang. Svein kan ta ansvar for klesinnsamlinga. Kjem inn mindre klede no enn før, kan hende pga. lite opningstid på kyrkjekontoret. Må reklamere for dette i Kyrkjebladet.
Per Arne – PR-avdeling: Informasjonsutval	Vil ha eit møte med Jostein Vengen i Kyrkjebladet. Sjå elles sak 37/24 om jubileumsmarkering i 2025.
Hans Kristian – HMS-koordinator	Vil ikkje blande seg inn i den daglege drifta, men gi råd etter førespurnad frå administrasjonen.

Sak 37/24 Korleis auke oppslutninga om kyrkja? Innspel frå Per Arne Rindarøy

Per Arne Rindarøy orienterte om innspelet, som soknerådet deretter drøfta. Følgjande moment framkom i saka:

- I 2025 er Påskeliljemarka 300 år. Det er ei god anledning til få blest om kyrkja.
- Forslag: Sette opp eit telt på tufta til den gamle Bårstaua på prestegarden med utstilling av eldre bilete og historikk om kyrkja, prestane og prestegarden.
- Engasjere kjente personar som kan skape engasjement, t.d. få Linn Skåber til å delta ei helg.
- Hausten 2025 eller i 2026: Samarbeide med Motorklubben om eit arrangement på plassen utanfor KLH. Kontakte Ole Jørgen Nilssen. Få med Jan Erik Larsen?
- Gjenoppfriske Påskeliljemarsjen.
- Få *Von Doren* til å lage ei klokke med tema frå Påskeliljemarka. Soknet tar ingen økonomisk risiko, men må reklamere for klokka.
- Økonomi: Ordføraren er spurt om mogeleg kommunal støtte, og han var positiv. Elles søke på kommunale kulturmidlar (frist 1. sept), legat/fond og andre kjelder (sjekk Tilsuddsportalen).
- Det må settast ned ein arrangementskomité på neste møte som kan ha ei skisse og en prosjektsøknad klar til 1. sept. Komiteen må søke samarbeid med andre lag og foreningar lokalt (Husflidslaget, Sogelaget m.fl.).

Etter dette gjorde soknerådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd støttar forslaget om ei stor jubileumsmarkering i 2025. Per Arne Rindarøy blir beden om å ta saka vidare til neste møte, der ein tek sikte på å sette ned ein arrangementskomité.

Sak 38/24 Deltaking på Aukradagen 15.06.24 – planlegging

Soknerådet drøfta moglege tiltak og innslag på Aukradagen. Oppsummert:

- Erlend hadde sjekka med Barnegospel, men dei har teke ferie og kan ikkje delta.
- Marta hadde sjekka med KRIK Julundet, men dei er på leir den helga.
- Ein bør likevel satse på å presentere dei ulike arbeidslaga i soknet gjennom plakatar og kan hende små brosjyrar: Babysong, Barnegospel, Søndagsskole, Ving, KRIK, Misjonsprosjektet m/klesinnsamling, Onsdagskafeen, Minnestund.
- Aktivitetar: Vaffelsteiking, kule spel (frå Ving), ballkasting, quiz, ...

Sak 39/24 Tilbod om å arrangere Country helafte i Aukra hausten 2024

I samsvar med innstillinga frå AU gjorde soknerådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd finn å måtte seie nei til tilbodet om å arrangere Country helafte i Aukra. Ein vurderer publikumsgrunnlaget som for lite og den økonomiske risikoen som for stor til å kunne gå inn for arrangementet på dei gitte vilkåra

Sak 40/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 40/24-1 Referat frå møte i AU 02.05.2024

Referatet blei teke til vitande.

Sak 41/24 Eventuelt

Det var ikkje meldt inn nokre saker under eventuelt.


Aukra 23.05.2024

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mørk

Fung. kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

U. off. Off.lova § 25

Sak 43/24 Personalsituasjonen – status


Det vil bli orientert munnleg om status for desse stillingane:

- a. Sokneprest
- b. Kyrkjeverje
- c. Kyrkjeverjevikarar
- d. Organist
- e. Kyrkjelydspedagog/trusopplærar
- f. Klokkar

Forslag til

vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd tek orienteringa om personalsituasjonen til vitande.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

U. off. Off.lova § 25

Sak 44/24 Arbeidsavtale for Kari Fanghol som fung. kyrkjevevje

Nils Lykkeslet Sæther har gitt beskjed om at han ser seg nøydd til å trekke seg frå dei fleste av oppgåvene som kyrkjevevjevkar på grunn av ein anstrengt arbeidssituasjon. Han er villig til å gjere nokre kontoroppgåver som arkivering, opplæring av ein ny vikar og oppgåver som vikar for kyrkjegardsarbeidaren i ferien.

Leiar i SFR har førespurt Kari Margrete Fanghol om å overta Nils sitt vikariat, noko ho har stilt seg positiv til. AU drøfta saka i sitt møte 06.06.24 og gjorde slikt

vedtak:

Max Ingar og Nils gjer avtale med Kari om å gå inn i mellombels engasjement som kyrkjevevjevkar. Avtalen leggst fram for fellesrådet til godkjenning på neste møte.

Sæther sin avtale er lagt til grunn for avtaleforslaget, som begge partar har slutta seg til. Fordi Kari Fanghol er alderspensjonist, ønskjer ho å bli lønna med pensjonistløn.

Kari Fanghol er fast medlem i Aukra sokne- og fellesråd. Som fungerande kyrkjevevje vil ho ofte vere inhabil i saker som skal behandlast i rådet. Ho søker derfor om permisjon frå rådet i den tida ho fungerer som kyrkjevevje.

Forslag til

vedtak:

Arbeidsavtalen med Kari Fanghol om vikariat som fungerande kyrkjevevje godkjennast.

Kari Fanghol får permisjon frå Aukra sokne- og fellesråd i den perioden ho sit som fungerande kyrkjevevje. Rune Vågøy rykkar opp som mellombels fast medlem i denne perioden.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

ARBEIDSAVTALE

(for mellombels tilsetting)

1. Arbeidstakar og arbeidsgivar

Arbeidsavtalen er inngått mellom Kari Margrete Fanghol, p.nr. 240755 41828 (arbeidstakar) og Aukra sokne- og fellestråd, org.nr. 976 997 654 (arbeidsgivar).

2. Arbeidsstad: Aukra kyrkjekontor

3. Stilling: Vikar for kyrkjevevje

4. Tilsetjingsforhold: Mellombels tilsetting. Avtalen gjeld frå 10. juni 2024 og inntil vidare.

5. Arbeidsoppgåver

Arbeidstakaren skal løyse gitte arbeidsoppgåver som beskrive for Vikar 1 i vedlagte liste og i samråd med Vikar 2.

6. Løn, arbeidstid, godtgjering m.m.

Arbeidet vert løna med pensjonistløn (f.t. kr. 245,- pr. time) og gjerast opp månadleg etter innlevert timeliste. Timetalet regulerast etter behov i samråd med leiar i Aukra sokne- og fellestråd.

Ferie og feriepengar følgjer reglane i ferieloven og Hovedtariffavtalen kap. 1 § 7.

7. Arbeidsforholdet er regulert av Hovedavtalen, Hovedtariffavtalen og særavtalar for KAs tariffområde og arbeidsmiljøloven.

Avtalen kan seiast opp av begge partar med 1 månads varsel.

Aukra/Dato

For Aukra sokne- og fellestråd
Erlend Melby
Leiar

Kari Margrete Fanghol
Arbeidstakar


RETTLELANDE OPPGÅVEFORDELING FOR KYRKJEVERJEVIKARANE I AUKRA SOKN 2024

Vikar 1:

- **Stabsmøte** kvar tysdag 10.00 – 11.30. Sende innkalling med saksliste før helga. Sjå til at det blir skrive referat.
- **Oppfølging etter stabsmøte:**
 - Annonse til RB
 - Plakatar, Facebook, Det skjer i Aukra. Annonsering om gudstenester
 - Info til frivillige og stab om søndagens gudsteneste (epost)
- **Personell.** Sjå til at det er organist, kyrkjetenar, klokkar og frivillige til kvar gudsteneste og gravferd. Ha kontakt med gravferdsbyrå.
- **Skaffe vikarar.**
- **Økonomi.** Attestere rekningar som er lagt inn i Visma. Om det kjem rekningar i posten, må dei bli skanna og sendt til Økonomikontoret (Hustadvika)
- Må halde kontakt med økonomikontoret når det gjeld **kontantar og vipps** etter ofringar.
- **Timelister, reiserekningar** og skjema for **personlege utgifter** må bli sendt til lønnskontoret i Aukra innan utgangen av kvar månad. Det gjelder for alle fellestråd-tilsette og vikarar.
- **Utleige av KLH** (Kyrkjelydshuset). Gjere avtale med leigetakar og informere reinhaldar. Sende rekning i etterkant av utleige. Ved minnestunder med ynskje om dugnadshjelp, må kontaktperson i dugnadsgjengen bli kontakta.
- **Daglege rutinar:** Hente og distribuere post, gå gjennom og fylgje opp epost, halde orden på møterommet, tilsyn med kopimaskina, innkjøp av kaffi mm, oppdatere hyllene med ulike skjema. Ha kontortelefon med som «heimekontor».
- **Ecclesia**, gravferdsprogram i samarbeid med kyrkjetenar

Vikar 2:

- Forebu og vere sekretær for **Aukra sokne- og fellestråd (SFR)**
- Forebu og vere sekretær for **Arbeidsutvalet (AU)**
- **Økonomioversyn.** Tilvise rekningar. Utøve budsjettkontroll i samarbeid med økonomikontoret i Hustadvika
- **Prosjekt.** Følgje opp aktuelle prosjekt for kyrkja, kyrkjelydshuset og gravplassen.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset


Sak 45/24 Evaluering av første halvår i det nye sokne- og fellesrådet

Det nye sokne- og fellesrådet overtok som sokneråd frå 01.11.23 og som fellesråd frå 01.12.23. Etter at rådet har vore i funksjon i om lag eit halvt år kan det vere tid for ei evaluering av arbeidet. Det handlar både om forventningar, arbeidsmengd, trivsel og kjensle av meining med arbeidet i rådet.

Stikkordsmessig kan ein summere opp aktiviteten slik:

- SFR har gjennomført 8 møte og behandla 21 saker i 2023 og 30 saker i 2024. I tillegg har AU gjennomført 6 møte.
- SFR har delteke på soknerådsopplæring på Røbekk kirkesenter 15.11.23 og fellesrådsopplæring på Hotel Seilet i Molde 06.02.24.
- SFR har gjennomført strategidag på Mevoldtunet 06.04.24
- SFR har hatt ansvar for gjennomføring av
 - førjulssamkome 02.12.23
 - feitetysdag 13.02.24
 - misjonsbasar 02.02.24
 - fasteaksjon 17.03.24
 - kyrkjekaffe for gullkonfirmantane 26.05.24
 - stand på Aukradagen 15.06.24.

Ordet er fritt!



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd


Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 46/24 Rapportar frå komitéleiarane

Kort orientering frå dei komitéleiarane som har noko å rapportere.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654


SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 47/24 Kjøkkeninstruks for Kyrkjelydshuset

Under saka *Rapportar frå dei nyvalde komitéleiarane* i møtet 23.05 etterlyste Kari ein kjøkkenansvarleg som kan følgje opp utleige til private, og ein instruks til leigetakarane om deira oppgåver og ansvar. Janne og Kari tok på seg å lage forslag til ein instruks som også inkluderer HMS (brann, sikkerheit) til neste møte.

Forslag til instruks vil bli lagt fram på møtet.



SAKSUTGREIING


Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 48/24 Kjølerom og solskjerming på Kyrkjelydshuset

Dugnadsgjengen som arrangerer minnesamvære på Kyrkjelydshuset har drøfta ymse behov og ønske. Det er særleg to forhold som må forbeistrast for å få huset til å fungere godt:

- Kjølerom/kjølekapasitet på kjøkkenet
- Betre solskjerming, både på dei store vindauga i salen og det store kjøkkenvindaugget mot sør.

Anne Berit vil orientere nærare om desse sakene.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654


SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 49/24 Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komité

På SFR-møtet 23.05.24 orienterte Per Arne om sine tankar om korleis ein kunne få større oppslutning om kyrkja, og at ein måtte nytte høvet til å gjennomføre ei skikkeleg jubileumsfeiring for påskeliljemarka i 2025. Han fekk soknerådet si tilslutning til å ta saka vidare i dette møtet, med sikte på å sette ned ein arrangementskomité.

Saka vil bli oppdatert på møtet.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 50/24 Endeleg godkjenning av rekneskapen for 2023

Rekneskapen for Aukra sokn 2023 blei samrøystes godkjent av SFR i møte 07.03.24 – sak 12/24. Vedtaket var gjort med atterhald om revisor si godkjenning.

Etter merknad frå revisor blei rekneskapen retta opp og godkjent på nytt i møte 23.05.24 – sak 35/24.

Rekneskapen blei endeleg godkjent av revisor 24.05.24 (sjå vedlegg).

SFR kan da gjere endeleg vedtak om budsjettet.

Forslag til

vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd godkjenner endeleg rekneskapen for 2023.

Til Aukra Sokn

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Aukra Sokn som viser et netto negativt driftsresultat på kr 46 418 og et mer-/mindreforbruk på kr 0 etter avsetninger. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2023, driftsregnskap og investeringsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til soknet per 31. desember 2023, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av soknet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Soknet og daglig leder er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Soknet og leder er ansvarlig for å utarbeide og fastsette årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 4.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av soknets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.


Andre forhold

Denne revisjonsberetningen erstatter tidligere beretning, datert 30. april 2024, som ble gitt ved utløpet av forskriften sin frist for å avgi en revisjonsberetning. Soknet hadde ikke avlagt årsregnskap og årsberetning for regnskapsåret 2023 innen fristene som følger av forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke, som er 20 mars. Vi var derfor ikke stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innen fristen for å avgi revisjonsberetning.

Molde, 24. mai 2024
Møre og Romsdal Revisjon SA



Ronny Rishaug
oppdragsansvarlig revisor



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654


SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 51/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 51/24-1 Referat frå møte i AU 06.06.2024

Sak 51/24-2 Biskopen si godkjenning av vindaugsreparasjon i kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR

Møtedato: 6. juni 2024

Møtetid: 19.00 – 20.25

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte: Erlend Melby o Marta Kristin Eidskrem

Forfall: Kristian Finn Risung

Sekretær: Max Ingar Mørk

Møtet blei leia av Erlend Melby.

Desse sakene blei behandla:

Orienteringssaker og reine AU-saker:

AU-sak 55/24 Personalsituasjonen

- a. **Soknepresten** har fått 50 % stilling som sjukehusprest i Molde og Kristiansund frå 19. august og ut året. Han vil orientere fellestrådet nærare om dette og konsekvensane for Aukra sokn på møtet 20.06.24.
- b. **Kyrkjevevja.** Erlend informerte om status etter møte med kyrkjevevja. Han vil informere vidare i fellestrådsmøtet 20.04.24.
- c. **Kantor.** Erlend hadde snakka med Kristian Finn om å utsette utlysinga av fast kantorstilling og i staden engasjere Jens Petter Kjøll som fung. organist inntil vidare. Kristian hadde vore positiv til dette. AU bed fung. kyrkjevevje utarbeide forslag til arbeidsavtale med Jens Petter til fellestrådsmøtet 20.06.24.
- d. **Kyrkjelydspedagog/trusopplærar.** Stillinga er lyst ut på kirkejobb.no, nav.no, eiga heimeside og i kyrkjebladet. Pr. d.d. er stillinga også lyst ut i Romsdals Budstikke, Sunnmørsposten og Tidens Krav og på avisene sine stillingskarusellar fram til søknadsfristen 28.06.24.
- e. **Klokkar.** Ann Ingeborg er fast klokkar med Aud Wally Berg som vikar. Kristian Finn ønskjer i tillegg å rekruttere tidl. konfirmant Linea Julnes Helle til klokkarteneste.

Vedtak: AU vedtek å gi Linea Julnes Helle tilbod om opplæring som klokkar slik at ho seinare kan vikariere som klokkar ved behov.

- f. **Kyrkjevevjevikar/sekretær.** Nils og Erlend hadde førespurt Kari Fanghol om ho kunne vere interessert i å overta vikariatet til Nils, som ønskjer å avlaste seg frå dei fleste oppgåvene som kyrkjevevjevikar. Kari hadde vore positiv til dette.

Vedtak: Max Ingar og Nils gjer avtale med Kari om å gå inn i mellombels engasjement som kyrkjevevjevikar. Avtalen leggst fram for fellestrådet til godkjenning på neste møte.

AU-sak 56/24 Sommar drifta

Det er behov for å engasjere 2-3 skoleungdommar til grasklipping, måling av gjerde og anna førefallande arbeid på kyrkjegarden i sommar. Ei utlysing på kyrkjelyden si Facebookside hadde gitt overraskande godt resultat: 10 ungdommar hadde meldt seg. Nils og Geir Ove hadde utarbeidd ein plan med 2 ungdommar av gangen. Det gjer at 4 ungdommar får tilbod om jobb i 3 veker kvar. Fleire kan eventuelt engasjerast på kort varsel ved behov. Kyrkjevevjevikarane er delegert mynde til å engasjere sommarhjelp.

AU-sak 57/24 Innkjøp av ny kaffitraktar i Kyrkjestova

Det er behov for ein ny kaffitraktar i Kyrkjestova. Dei ansvarlege for kyrkjekaffien ønskjer to traktarar, eventuelt ein dobbel Moccamaster. AU overlet til administrasjonen å avgjere dette.

AU-sak 58/24 Breiband i kyrkja

Til orientering: ROR-IKT kjem 11. juni for å montere breiband i kyrkja. Det vil m.a. gjere det mogeleg å strøkke gudstenester til omsorgssenteret. Filmgruppa vil truleg trenge noko nytt/oppgradert utstyr, og vil kome attende til dette seinare.

AU-sak 59/24 Salme og evangelium

Kristian Finn hadde tentativt lagt inn to samlingar i kyrkja i sommar utan prest: Sø. 28.07 og sø. 18.08. Soknerådet måtte eventuelt organisert og gjennomført desse. AU drøfta saka og kom til at det ville bli vanskeleg å gjennomføre dette midt i ferietida, og at rådet trong ein aktivitetspause etter ein travel vår.

Vedtak: AU vedtek å seie nei til dei føreslegne samlingane i kyrkja i sommar.

AU-sak 60/24 Samarbeidsprosjekt for fellestråda i Romsdal/det «nye» Domprostiet

Kyrkjerådet har lyst ut midlar til gjennomføring av ulike samarbeidsprosjekt mellom bispedøme, prosti og fellestråd, med søknadsfrist i oktober. Lokalt ligg det til rette for å utgreie ulike typar samarbeid mellom fellestråda i det nye Domprostiet, som frå nyttår vil omfatte heile Romsdal. Kyrkjevevjeja i Molde ønskjer å søke om midlar til å utgreie aktuelle samarbeidsmodellar i Romsdal og inviterer dei andre fellestråda til å bli med på eit prosjekt.

AU viser til tidlegare vedtak i SFR om å søke samarbeid med nabofellestråd, og ser i utgangspunktet positivt på å delta i eit slikt prosjekt. Vi må tydeleggjere kva vi vil oppnå, t.d. kartlegge og utnytte spesiell kompetanse, utnytte stordriftsfordelar og bli mindre sårbare. Samarbeidet må vere til fordel for alle partar, men undervegs må vi vere opne for å prøve ut nye modellar og aktivitetar.

AU-sak 61/24 Planlegging av Aukradagen 15. juni

Soknerådet hadde møte onsdag 5. juni der dei planla opplegget for Aukradagen.

AU-sak 62/24 Planlegging av årsmøtet 16. juni

Årsmøtet for Aukra sokn er fastsett til søndag 16. juni etter gudstenesta i kyrkja. Møtet har vore kunngjort i kyrkja og på soknet sine heimesider meir enn 14 dagar før. Møtet blir leia av soknerådsleiaren i samsvar med § 2 i «Regler om formene for menighetsmøtets virksomhet». Dei formelle sidene ved møtet synest såleis godt varetekne.

AU-sak 63/24 Samling av Vipps-konti på éi side

Marta viste eit eksempel frå Spjelkavik kyrkjelyd der dei hadde samla alle Vipps-kontoane på éi side. Vi må prøve å få til det same i Aukra sokn.

Saker til neste møte i SFR:**AU-sak 64/24 Evaluering av første halvår i det nye sokne- og fellesrådet**

I saka vil ein stikkordsmessig nemne aktivitetane rådet har vore involvert i så langt. Elles blir ordet fritt.

AU-sak 65/24 Kjøkkeninstruks

Janne og Kari vil legge fram forslag til instruks.

AU-sak 66/24 Tiltak på KLH

Anne Berit vil orientere om to aktuelle tiltak: Kjølørom og solskjerming.

AU-sak 67/24 Jubileumsmarkering i 2025

Per Arne orienterte om sine tankar på møtet 23.05.24 og fekk soknerådet si tilslutning til å ta saka vidare i dette møtet, med sikte på å sette ned ein arrangementskomité.

AU-sak 68/24 Rapportar frå komitéleiarane**AU-sak 69/24 Endeleg godkjenning av rekneskapen for 2023**

Revisor si godkjenning ligg no føre slik at SFR kan gjere endeleg vedtak om godkjenning av rekneskapen for 2023.

Aukra 06.06.2024

Erlend Melby
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk
Sekretær/referent

24/01436 - godkjenning av reparasjon av vindaug i Aukra kyrkje



Svein Magne Harnes <sh398@kirken.no>

Til Mørk, Max Ingar

Kopi Sæther, Nils Lykkeslett; Johnsen, Grethe Lystad; 'postmottak@ra.no'; Steen, Olaf

↩ Svar

↩ Svar til alle

→ Videre send



man. 10.06.2024 13:18

24/01436 - godkjenning av reparasjon av vindaug i Aukra kyrkje

Aukra sokn søker i e-post til Møre biskop 08.05.2024 om løyve til å gjennomføre reparasjon og vedlikehold av dei store vindauga i Aukra kyrkje i løpet av sommaren/hausten 2024. Vedlagt søknaden er ein tilstandsrapport med forslag til tiltak, utarbeidd i 2023 av Byggtrad Løvoll AS v/Kåre Løvoll.

Av vedlegget går det fram at Byggtrad Løvoll AS foreslår at røteskader på vindauga mot sør blir reparerte ved å skifte ut røte treverk, og at vindauga elles mot sør og nord blir reparerte med kitting og måling.

Aukra sokn søker om å få arbeidet utført i tråd med tilrådingane i rapporten. Arbeidet vil bli gjennomført som konkurranse/entreprise mellom 3-4 inviterte firma med tilstrekkeleg kulturminnefagleg kompetanse, og med erfaring med denne typen arbeid.

Aukra kyrkje er frå 1835 og kyrkja er automatisk listeført (før 1850) som særleg verneverdig.

Etter kyrkjeordninga § 23 må biskopen godkjenne alle endringar i kyrkjer, ut over vanleg vedlikehald. For listeførte kyrkjer skal Riksantikvaren først gje ein uttale, jf. kyrkjebyggforskrifta § 4.

Riksantikvaren er gjort kjent med tiltaket, og uttalar:

Slik tilstanden og tiltaka er presentert i søknaden, kan Riksantikvaren gje si tilslutning til søknaden om rehabilitering av vindauga i Aukra kyrkje.

Domprosten i Molde er informert om saka, finn at tiltaket er viktig og til nytte for kyrkjelyden – og sluttar seg til godkjenninga.

Biskopen finn at den vedlagte søknaden gjer grundig greie for tilstanden og tiltaka som skal setjast i verk. I hovudsak handlar det om at røteskader på vindauga mot sør blir reparerte ved å skifte ut røte treverk, og at vindauga elles mot sør og nord blir reparerte med kitting og måling. Møre biskop oppfattar tiltaka som nærast ordinært vedlikehald, og dermed ikkje naudsynt med søknadsrunde, men på bakgrunn av kyrkja sin alder og den interessante dokumentasjonen omkring skader og planlagte tiltak som følgjer søknaden, gjev biskopen ei formell tilbakemelding.

Biskopen vurderer at det er gjort ei grundig vurdering, utgreiing og planlegging av tiltaket, ser arbeida som viktige for kyrkjebygget - og har full tiltru til at Aukra kyrkjelyd vil skjette arbeida på beste måte. Biskopen legg også vekt på at Riksantikvaren kan slutte seg til arbeida, slik tilstand og tiltak er presentert i søknaden.


Vedtak:

Møre biskop godkjenner at det blir gjennomført reparasjon og vedlikehald av dei store vindauga i Aukra kyrkje i løpet av sommaren/hausten 2024, i samsvar med dei skildringar og foto som følgjer søknaden. Vedtaket er heimla i kyrkjeordninga § 23.

Vedtaket kan klagast på innan tre veker frå denne godkjenninga er mottatt, jf. fvl. § 29. Klagen skal i så fall stilast til Den norske kyrkja si klagenemnd og sendast om Møre biskop.

Grethe Lystad Johnsen
fung. biskop

Svein Magne Harnes
rådgivar



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. juni 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 52/24 Eventuelt